

Møtereferat

Dato: 12.04.2018

Emne:	Referat frå møte 5. april 2018	
Til stades:	Stord kommune: Andreas Moe Larsen, Sylve Rusten, Tova Vikanes Agdestein og Harald Oddvar Sæbø SVV: Lars Tore Martinsen og Eva Birgitte Teige HFK: Gunhild Raddum (referent)	
Møtetid:	Kl. 11 -14	Møtestad: Stord rådhus

Møteleiar: Andreas Moe Larsen**Referent: Gunhild Raddum****Oppfølging**

1. Gjennomgang av referat. Ingen merknadar.	
2. Kort informasjon om sykkelbymøte med Os kommune Os ønsker å bli sykkelby og hadde invitert Stord, Bergen, SVV og HFK til erfaringsutveksling før de tar eit endeleg val. Andreas og Gunhild informerte frå møtet, der mellom anna standard på sykkelveg og bruk av vegnormalane vart diskutert.	
3. Informasjonstiltak – Synleg Magne Raknes i reklamebyrået Synleg gjekk igjennom planane for å gjere Sykkelbyen Stord meir kjent og informere om det som er gjort. Det er planlagt filming innan kort tid, samt oppdateringar på nettstader og sosiale mediar. Diskusjon om korleis ungdommen best kan nås, det er ikkje nødvendigvis gjennom Facebook. Eit viktig prosjekt er ambassadørtiltaket, der personer med ulike samfunnsfunksjoner seier seg villig til å være ambassadør for sykling. Det er oppretta dialog med presten om ei slik rolle, og han er positiv. Fleire aktuelle nøkkelpersoner, mellom anna formannskapet, rektorar og «ungdomen på elektrisk terrengsykkel», vart diskutert. Viktig å nå ulike målgrupper. Det er og viktig at ambassadørane frontar sykling generelt og ikkje sykkelbyen. Ambassadørnettverket er tenkt å bestå av mellom 10-20 personer.	Innen 2. Mai skal dei som kjenner Stord-folka finne aktuelle ambassadørar.

<p>4. Sykling til skolane</p> <p>Kampanje for å få fleire til å sykle til skolen er ønska gjennomført i samarbeid med rektorane. Det er oppretta kontakt, og arbeidet må følgjast opp. Det vart og informert om den nye Nyseter skole, og ønske om å etablere av-og påstigning av elever som kjem med bilen nede ved fylkesvegen. Elevane får ca 500 meter å gå. Slike løysingar er i tråd med «Hjertesoneprosjektet», og kan bidra til at fleire vel å nytte sykkel heile vegen til skolen. Skolebruksplanen må og innehalde veg og tilkomst som tema.</p> <p>Tre skoler vil få besøk av «Alle barn sykler»</p>	<p>Sykkkelbyen satsar på delteking på rektorsamlinga</p>
<p>5. «Folk i sentrum»</p> <p>I samband med folkehelsedagane deltek sykkelbyen på to arrangement:</p> <p><u>Torsdag 3. Mai</u> er det det «folkehelseforum» om ettermiddagen med stands der ulike prosjekter presenterast. Hensikta er å la folk komme til ordet. Sykkkelbyen deltek med stand.</p> <p><u>Fredag 4. Mai kl 10 – 16</u> vil sykkelbyen ha eit publikumsretta opplegg på torget. I tillegg til vår stand, vil «Alle barn sykler» delta med eit utval artige sykklar, samt sykkelløype.</p> <p>I forkant vil sykkelbyen arrangere konkurranse på Facebook der ein heldig vinnar får gavekort på kr 20 000,- til den sportsbutikken som er igjen på Stord. Det er lagt opp til at vinnaren kåres denne dagen. Vidare tek ein sikte på eit opplegg som er egna for pressedekning, ved å få politikarar til å nytte sykklar frå «Alle barn sykklar» og elles promotere sykling på Stord.</p> <p>Det er ønskeleg at sportsbutikken eller andre stiller med eit servicetilbod så besøkande kan få gjort enkel sjekk og hjelp til å fikse sykkelen sin.</p> <p>Andre aktuelle deltakarar vart diskutert. Politiet? Kaffe og sykkel?</p>	<p>Andreas, Sølve og mogleg nokon frå SVV deltek den 03.05</p> <p>Synleg lagar Facebook-konkurranse og tar ansvar for gjennomføring.</p> <p>Gunhild deltek heile dagen den 04.05, i tillegg til SVV og kommunen som gjerne legg opp til skiftordningar.</p> <p>Andreas sjekkar med politikarar og presse, sportsbutikk og evt andre deltakarar.</p>
<p>6. Gjennomgang av pågåande prosjekt</p> <p>Kort opp summert - ein ventar på asfalt og godt ver til å få arbeidet gjort.</p>	